

STATENS VEGVESEN  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Dato:
David Vagstad	Sak/dok.: 06/01700-125	14.06.2023
	Ark.: 326.12	

## Fastsetjing av tunnelnamn – Kolltveittunnelen og Gamle Kolltveittunnelen – Øygarden kommune

Statens vegvesen har teke kontakt med Kartverket i samband med at dei byggjer ny tunnel på rv. 555 ved Kolltveit i Øygarden kommune. Dei føreslår at den eksisterande Kolltveittunnelen byter namn til *Gamle Kolltveittunnelen*, medan den nye tunnelen får *Kolltveittunnelen* som namn. Kartverket er vedtaksmynde for skrivemåten av namn på statlege anlegg, jf. § 7 i lov om stadnamn.

Med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn vedtek Statens kartverk at namna skal skrivast slik:

- ***Gamle Kolltveittunnelen*** (eksisterande tunnel) – *Kolltveittunnelen* vert sett som historisk namn
- ***Kolltveittunnelen*** (ny tunnel)

Me tilordnar skrivemåtane *Gamle Kolltveittunnelen* og *Kolltveittunnelen* som *vedtekne* etter forenkla rutine på grunnlag av gardsnamnet *Kolltveit*, jf. § 4 tredje ledd og § 11 tredje ledd i lov om stadnamn. *Kolltveit* vart vedteke som skrivemåte av gardsnamnet i ei namnesak i 1997. Me syner elles til kapittel 6.A i Handbok for namnebehandling.

Namneformene *Gamle Kolltveittunnelen* og *Kolltveittunnelen* er i samsvar med Språkrådet si tilråding, jf. brev dagsett 20.03.2023. Dei skriv at det verkar tilrådeleg å lata det innarbeidde namnet *Kolltveittunnelen* verta knytt til den nye tunnelen, og at utmerkjinga *Gamle* då bør takast inn i namnet på den eksisterande tunnelen.

Namna er førde i Sentralt stadnamnregister (SSR). Me minner om § 11 fyrste ledd i lov om stadnamn, der det står at «[n]år skrivemåten er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak» av organ for det offentlige, dvs. stat, fylkeskommunar og kommunar.

Venleg helsing

Erlend Trones  
namneansvarleg

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi            SPRÅKRÅDET  
                  David Vagstad, STATENS VEGVESEN  
                  ØYGARDEN KOMMUNE